

**Kom deg ut i Handelandsdalen****30.01.2014**

**Kvinnherad Turlags barnelag hadde søndag planlagt å halda det årlege Kom deg ut-dagen i Fjellhaugen. På grunn av snømangel må arrangementet flyttast til Handelandsdalen. Der kan alle delta, anten til fots, på sykkel med barnevogn eller rullestol. Det er flat, gruslagt veg. Ved Feto er det ymse som skjer.**

På grunn av brannforbodet må ein ta med noko godt på termosen. Frammøtet er klokka 12 ved skytebanen og det er parkering der eller ved Handeland gard.